



Preses Olav Fykse Tveit:

TALE VED EITTÅRSMARKERINGA AV UKRAINAKRIGEN

TREFOLDIGHETSKIRKEN 24.03.23

Preses Olav Fykse Tveit

SALME 31,2-9

NÅR DET UVANLEGE VERT DET VANLEGE

Vi var her for eitt år sidan.

Vi las og ba den samme teksten frå Salme 31 då. Saman med menneske som ba den i Ukraina.

Denne bønna vart lest kvar dag, hørde vi, og det gjorde inntrykk. No har det vorte bønna som måtte lesast kvar einaste dag i eit heilt år. I Ukraina, og i ei rekkje andre land, vert det bedt: HERRE, JEG SØKER TILFLUKT HOS DEG. FRI MEG UT I DIN RETTFERDIGHET! Det er ropet som er borte av tru, av håp - og av kjærleik.

Mange av dei som ber denne bønna er mellom oss i Noreg. Vi ber den i dag saman med ukrainarar som har flykta frå krigens fare og krigens øydelegging av det dei har kjær. Dei har flykta frå husa, kjøkkenet, senga, leikene, bøkene, jobben, gatene, butikkane, skulane, kyrkjene, jernbanestasjonane, bilane, parkane, naturen. Frå den og dei som dei deler livet mitt, frå smila, frå samtalande, frå klemmane.

Det er mange historier som når oss frå denne forferdelege, brutale angrepskrigen den russiske presidenten har sett i gang mot sitt nabofolk i Ukraina. Ein av dei som slo meg i magen er historia som NRK formidla i dag om ein soldat og hans livs kamp for livet, og for friedom og fred for sitt folk. Det som slo meg mest var kontrastane mellom det vanlege livet han og hans familie skulle levd, og det forferdelege han opplever, og det uvanlege livet dei må leve, skilt frå kvarandre. Kona Diana og datra Leia og svigermora måtte flykte til Estland og er der fortsatt. Småbarnsfaren Valentin vil leve eit normalt familieliv med datra og kona, men søv i skyttergraver i staden for i senga si. Bileta han legg ut vitnar om at stemma er meir dempa og blikket vitnar om levd liv. Hans største frykt var at verda skulle gløyme krigen. At det uvanlege skulle bli vanleg.

Alt det som skulle vere det vanlege, som vi så lett tek for gitt, alt det som er rammer og samanhengar for det gode liv, er blitt det borte for dei som er direkte ramma av krigen, dag etter dag, med krig.

Det er ein fare for at vi som ikkje er ramma av krigen slik som dei, venner oss til at det berre er slik.

Slik må det ikkje bli, slik skal det ikkje vere.

Vi må be denne bøna igjen og igjen, dag etter dag, i solidaritet med alle som lever i tvil og uro:

HERRE, DU ER MIN TILFLUKT! FRI MEG UT I DIN RETTFERDIGHET!

Biskop Bernt avslutta sin poengterte tale for eitt år sidan med å seie at vi heldt fram med å appellere til Gud. Og at kven president Putin appellerer til, visste han ikkje.

Det vi dessverre veit, er at han forventar at leiinga i den russisk-ortodokse kyrkja held fram med å legitimere og velsigne krigen, ein krig som er mot folkeretten, etisk illegitim, og mot alle våre felles kristne verdiar. Det vi diverre veit er at det også skjer at leiinga i kyrkja der støttar dette som ein krig om verdiar. Men det er ingen kristne verdiar ein kan fremje med å angripe, skade, drepe, spitte familiar og drive millionar på flukt frå sine heimar.

Vår oppgåve som kyrkjer er å halde fram å be og arbeide for rettferd og fred. At alt det Gud har skapt, alt det vi reknar som det «vanlege», skal vere slik «det skal vere», at det er fellesskap, trivsel, gode naboar, trufaste vener, mat og klede, helse, glede, at barn går på skulen og leikar og lærer, at vaksne går til sitt arbeid, at alle søv trygt i sine eigne senger. At det vert rettferd og fred.

For alle menneske som lir under denne krigen dei ikkje ville ha. Uansett kvar dei er. Uansett kvar deira heim er.

Det kan ikkje vi andre slå oss til ro med. Men vi håpar og ber at noko vedunderleg skal skje, at det må skje.

Difor heldt vi fram med å be:

HERRE, DU ER MIN TILFLUKT! FRI MEG UT I DIN RETTFERDIGHET!

Amen